

Vår saksbehandlar:
Kristian GrutleDirekte telefonnr.:
53 42 30 63Vår dato:
03.10.2006
Dykkar dato:
28.04.2006Vår referanse:
2005/1533-00917858/2006
Dykkar referanse:
06/1118-1 DV*
Det Kgl. kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ BØMLO KOMMUNE TIL NOU 2006:7 DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING?*Elektronisk røysting:**

Bømlo kommune ser positivt på forsøk med elektronisk røysting, og har utdjupa dette i eiga høyringsfråsegn til departementet.

Finansiering av partia på lokalnivå:

Kommunen er samd med kommisjonen i at dei statlege overføringane til dei lokale partiorganisasjonane bør aukast. Lokalpartia og gruppene i kommunestyret er berebjelkane i lokaldemokratiet. Dei vil og vera sentrale i arbeidet med å auka det politiske engasjementet i lokalsamfunnet, og dermed også få opp valdeltakinga ved lokalval.

Folkevalde sine arbeidsvilkår:

Kommunane må leggja tilhøva til rette for at alle grupper i lokalsamfunnet (kvinner og menn, unge og gamle, småbarnsforeldre og besteforeldre, yrkesaktive og pensjonistar) kan delta i lokalpolitikken. Møtetider, barnepass, erstatning for tapt arbeidsinntekt er her nokre stikkord. Sjølv om dette er og må vera kommunane sitt eige ansvar, må staten medverka gjennom eit meir fleksibelt regelverk.

Eldreråd og råd for funksjonshemma:

Bømlo kommune er samd med kommisjonen i at eldreråd og råd for funksjonshemma ikkje bør vera lovpålagde organ. Tilhøva er svært ulike frå kommune til kommune, og det må vera opp til den einskilde kommune å fastsetja si politiske og administrative organisering. Kommunen sluttar seg elles til kommisjonen sine vurderingar. For ordens skuld vil me likevel streka under at Bømlo kommune for sin eigen del ser det som både naturleg og nødvendig å ha slike organ.

Andre spørsmål som kan vera med å auka det politiske engasjementet:

Spørsmålet om delegering av avgjerdsrett til administrasjonen er ikkje noko anten-eller. Det er heilt nødvendig med delegering av avgjerdsrett i alle kurante saker til administrasjonen. Berre på den måten kan dei folkevalde få tid og krefter til å drøfta dei sakene som er av prinsipiell natur. Spørsmålet om delegeringa har gått for langt må vurderast konkret, derfor må det i regelverket (både i lov, forskrifter og lokale reglement) takast inn krav om at innhaldet i delegeringsreglementa må vurderast med jamne mellomrom – gjerne eit par gonger i kvar valbolck. Det er svært viktig at omfanget av delegering er godt forankra i det politiske miljøet.

Både kommunal parlamentarisme, direkte val av ordfører og auka avgjerdsrett til ordføreren er spørsmål som kanskje kan vera med å auka den politiske interessa og det politiske engasjementet i lokalsamfunna.

Folkerøystingar:

Bømlo kommune er skeptisk til lokale folkerøystingar. Ordninga kan lett føra til ad hoc-demokrati, og i tillegg føra til forkludring av kommunestyret sitt overordna politiske ansvar.


Kommunen gjer likevel unntak for store, prinsipielle saker (t.d. kommunesamanslåingar) der kommunestyret ikkje gjennom val har fått eit klårt mandat til å avgjera saka.

Nedsett røystealder ved lokalval:

Fleirtalet i formannskapet meiner at det ikkje er grunnlag for å setja ned røysterettsalderen. Spørsmålet om røysterett bør også i framtida vera knytt til det å ha nådd myndig alder.

Kommunen meiner likevel at nedsett røysterettsalder bør kunna prøvast ut i avgrensa område, for å sjå om dette vil føra til auka valdeltaking og auka politiske engasjement mellom unge.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE


Inge Reidar Kallevåg
ordfører

